



Goman Lindås AS  
Veråsvegen 234  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2594 - 19/27466

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
07.10.2019

## Vedkomande fettutskiljar - GBNR 108/88 Goman Lindås AS - førehandsvarsel om pålegg

Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkomande fettutskiljar – gbnr. 108/88. I følgje produsent har anlegga ei levetid på 25 år, alder på Dykkar anlegg er i dag 37 år. I 2016 ga Lindås kommune melding om at anlegg er utgått på dato og moden for utskifting. Anlegg har, i tillegg, for liten kapasitet i forhold til produksjon og utstyr som er knytt på anlegg.

Per dags dato kan vi ikkje sjå å ha motteke registreringsmelding for nytt anlegg. Vi gjer merksam på at anlegg skal være godkjent av kommunen før det vert knytt på kommunalt avløpsnett.

Teknisk drift ber no om status i arbeidet med å få på plass nytt anlegg ved bakeriet.

### Førehandsvarsel om pålegg:

Teknisk drift gjev med dette brev eit førehandsvarsel om pålegg for å få skifta ut fettutskiljar ved gbnr. 108/88. Kommunen vil i pålegget setje ei frist for å få godkjent, installert og ferdigmeldt anlegg. Førehandsvarsel er gitt i samsvar med forvaltnings lova § 16.

*Det er med heimel i forureiningsforskrifta kap. 15 A, forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune, samt «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift sett krav til fettutskiljar ved bakeri. Føremål med krava er å sikre at fetthaldig avløpsvatn ikkje vert ført ut på kommunalt avløpsnett og påfører dette og reinseanlegg skader.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Goman Lindås AS

Veråsvegen 234 5955

LINDÅS

